



ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN
Postboks 354
8601 MO I RANA
Att.Gitte Tellevik

Kassasjon av korrespondanse vedrørende meldingar om retting, begrensning og sletting av personopplysningar i NAV

Dato
23.08.2024

Vår ref.
2024/8461

Dykkar ref.
24/9082

Sakshandsamar
Jørgen Engestøl
rådgiver

PB 4013 Ullevål stadion
0806 Oslo

postmottak@arkivverket.no
48 05 56 66

Org. nr.
961181399

Vi viser til søknad av 19.06.2024.

NAV søker om kassasjon av saksdokumentasjon som gjeld retting, sletting og begrensning av personopplysningar etter personvernforordningen artikkel 16, 17 og 18. Dokumentasjonen omfattar innkomande meldingar frå registrerte, utgåande brev til den registrerte og eventuelle interne notat i sakene.

Riksarkivaren stiller seg bak konklusjonen til NAV om at denne dokumentasjonen ikkje er naudsynt for å spore endringar i ettertid, då dette er ivareteken på andre måtar i NAV sine system.

Riksarkivaren vedtek med dette at den aktuelle dokumentasjonen kan kasserast. Vedtaket er fatta med heimel i arkivlova § 12, jf. forskrift om offentlege arkiv § 16.

Offentlege organ plikter å fastsetje tilstrekkeleg lang oppbevaringstid for arkivmateriale som er vedtatt kassert, jfr. riksarkivarens forskrift § 7-3. Oppbevaringstida skal fastsetjast med omsyn til eigne og andre organs administrative og juridiske behov, tilgang for dei opplysningane gjeld og andre berørte partar så lenge dei kan ha behov for dokumentasjon, samt relevante regler om oppbevaring i anna lovverk.

Vi vil også minne om at arkivforskriftas § 14 om avgrensing av arkiv normalt ikkje kan brukast i saker som gjeld sletting av personopplysningar. Det krevst alltid samtykkje frå Riksarkivaren i slike høve.



Arkivverket

Med helsing Arkivverket

Kjetil Korslien
områdedirektør

Kjetil Reithaug
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter



Arkivverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: 24/9082

Vår dato: 19.06.2024

Sakshandsamar: Gitte Tellevik // Seksjon
informasjonsforvaltning

Bevarings- og kassasjonsvurdering - Meldingar om retting, sletting og avgrensing av personopplysningar

Innledning

I dette brevet søker NAV om kassasjon av meldingar som gjeld retting, sletting og begrensning av personopplysningar. Vi greier fyrst ut om kva personopplysningar er og korleis prosessen foregår når personar tek kontakt med NAV om personopplysningar. Deretter ser vi på kva type dokumentasjonen som er i denne prosessen før vi tek for oss sjølve bevarings- og kassasjonsvurderinga.

Om personopplysningar

Personopplysningar er opplysningar og vurderingar som vært knytt til ein einskild person – *den registrerte*. Opplysninga kan være både direkte og indirekte identifiserande.

Ifølgje personvernforordningen artikkel 16, 17 og 18 har den registrerte som utgangspunkt krav på å få personopplysningane retta, sletta eller kreve å påleggje visse avgrensingar av bruken av personopplysningane. Dette utgangspunktet har visse unnatak. I alle høve må meldingar frå den registrerte om dette vurderast. Dersom NAV finn grunnlag for å rette eller

NAV // ARBEIDS- OG VELFERDSDirektoratet // SEKSJON INFORMASJONSFORVALTNING

Postadresse: Postboks 354 // 8601 MO I RANA

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

www.nav.no //

begrense personopplysningene, så vil vi bevare originaldokumentasjonen med streng styring av tilgangen.

Om den registrerte får medhald i at personopplysningane kan slettast vil det seie at opplysningane anten kan arkivavgrensast eller at det er til stades eit særskilt samtykkje i tråd med arkivlova § 9 bokstav d). Det er sjeldan at det er mogleg å gje medhald i ynskje om sletting, og derfor utgjør dette eit svært lite antal av sakene.

Dokumentasjonen

Denne bevarings- og kassasjonsvurderinga gjeld korrespondanse og vedtak i forbindelse med at den registrerte ber om at personopplysningane sine blir retta, sletta eller avgrensa. Korrespondansen består av *innkomande meldingar frå den registrerte, utgåande brev til den registrerte og eventuelle interne notat*.

Det er NAV-eininga NAV Klageinstans Styringsenhet som har fått delegert myndigheita til å behandle alle meldingar til Arbeids- og velferdsetaten, med unntak av den kommunale delen av NAV. Korrespondanse med brukar vert saksbehandla av NAV-eininga Klageinnstans Vest og korrespondansen vært lagra i NAV sitt fagarkiv Joark. Det blir behandla om lag 50-70 meldingar om dette kvart år.

Desse begjæringane som kjem i meldingane, skal behandlast i tråd med retningslinja for behandling av krav om retting, sletting og begrensning av personopplysninger, arkivert i det NAV sitt sak-/arkivsystem (Websak 18/2835 og 18/2464) og som er tilgjengeleg på intranettet vårt, NAVET.

Dei avgrensningene som går frem av retningslinjene gjeld også for denne vurderinga:

- Det er avgrensa til handtering av krav om retting eller sletting sett fram av den registrerte. Der Arbeids- og velferdsetaten på eige initiativ tek opp spørsmål om retting eller sletting av personopplysningar på områder som gjeld utøving av offentlig myndigheit, f.eks. der NAV oppdagar ulovleg informasjon ev. «overskuddsinformasjon» i ei sak, har Arbeids- og velferdsetaten eit sjølvstendig ansvar for å rette opp dette linjeveg.

- Det er avgrensa mot der den registrerte set fram krav om retting eller sletting i NAV sine fellesregistre, som for eksempel Aa-registeret. Slike krav blir behandla etter egne rutiner.
- Det er avgrensa mot krav frå NAV sine tilsette om f.eks. krav om retting eller sletting av personopplysningar i egne personalmapper. På HR-området gjeld egne rutiner om dette.
- Det er avgrensa mot situasjonar der personopplysningar og dokument er registrert på feil sak, tema eller person, og dette vært oppdaga av Arbeids- og velferdsetaten. Slike hendingar skal handsamast etter egne prosedyrer for feilhandtering. Eventuell korrespondanse med Datatilsynet eller Arkivverket om dette skal lagrast i det sak-/arkivsystemet og speile i saka i Gosys, NAV si visningsløyising av fagsaker.

NAV si vurdering av dokumentasjonen

NAV har vurdert dokumentasjonen etter Riksarkivaren sine hovudprinsipp ved bevaring og kassasjon.

F1 - Dokumentasjon av funksjon, myndigheitsutøving, rolle i samfunnet og samfunnsutviklinga

Saksbehandlingstype: besluttande.

I desse sakene vurderer vi den registrerte sitt ynskje om å rette/ slette eller begrense bruken av personopplysningar sine. Dette innebær utøving av rolla vår som behandlingsansvarlig etter personvernforordningen og kan om mogleg tale for bevaring. I midlertid så er det å vurdere dei registeret sine krav om retting ect. ikkje ein av Nav sine primæroppgåver, noko som kan tale imot bevaring. Dersom vi i ettertid ynskjer å undersøke korleis NAV etterlevde forpliktelsane sine etter GDPR vil dette kome fram av retningslinjene for behandling av krav om retting, sletting og begrensning av personopplysningar, som skal bevarast. Derfor ser vi ikkje at korrespondansen med den registrerte er bevaringsverdig etter formål F1.

F2 – Informasjon om viktige forhold i samfunnet og samfunnsutviklinga.

Tidsspenn og kontinuitet: Krav om retting av personopplysningar har fått fokus etter at ny personvernforordning trådte i kraft i Norge fra 20.07.2018. Vi kan dokumentere utvikling av antal meldingar, både før og etter ny lov trådte i kraft, ved å føre statistikk over antal meldingar og svar på meldingar.

Omfang og dekningsgrad: Det er høg dekningsgrad då alle saker vi mottek er her. Vi mottek ca. 50-70 saker i året.

Lenkbarhet: Informasjonstettleik og tematisk variasjon: Middels. Tema her vil være gjentakande, men kva for personopplysningar det er tale om og saken sitt øvrige faktum vil variere frå sak til sak.

Basert på desse punkta ser vi ikkje at korrespondansen med den registrerte er bevaringsverdig etter formål F2.

Redundans: de aktuelle personopplysningene finns allereie i NAV sine registre, system og dokument. Ved vedtak om retting eller begrensing vil desse personopplysningene fortsatt være i NAV sine system under streng tilgangsstyring. Dette gjeld ikkje sletting av personopplysningar.

F3 – Den enkelte sine rettar og plikter.

Saksbehandlinga sine konsekvenser (juridiske rettigheter og plikter):

Korrespondansen med den registrerte med vurdering av krava deira om retting eller sletting dokumenterer NAV si handtering av pliktene våre etter personvernforordningen. I dei tilfellene der NAV imøtekjem krav om retting eller begrensning, vil vi alltid ha logg i systemet som syner at endringar har skjedd. I tillegg vil vi alltid ta vare på originaldokumentasjonen med streng tilgangsstyring. Det vil seie at vi kan forklare kvifor og kva som er endra dersom det er behov for det. Vi trenger såleies ikkje korrespondansen med den registrerte for dette føremålet.

Dersom eit dokument er slettet vil dette som hovedregel være på grunn av særskilt løyve frå Arkivverket. I tilfelle har det formodninga mot seg at desse personopplysningane likevel skal bevarast. Dersom det vært ei klagesak, så må denne korrespondansen bevarast en viss tid. Deretter har ikkje saka betydning for den enkelte sine rettar eller plikter. Basert på desse punkta ser vi ikkje at korrespondansen med den registrerte er bevaringsverdig etter formål F3.

Etter vurdering av F1, F2 og F3 anbefaler NAV kassasjon av dokumentasjonen.

Konklusjon

NAV foreslår å kassere inngående melding, utgåande brev og eventuelle interne notat knytt til å vurdere ei melding om retting, sletting eller begrensing og ber Arkivverket støtte forslaget.

Med helsing

Marte Vidnes Jensen
avdelingsdirektør
Seksjon informasjonsforvaltning

Gitte Tellevik
seniorrådgjevar
Seksjon informasjonsforvaltning

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur